

Bergen Akademiske Bridgeklubb  
V/ Helge Vaardal  
Nordbø 17 C, 5009 Bergen  
h.vaardal@online.no

Hordaland Fylkeskommune

30.03.2016

## SØKNAD OM STØTTE TIL ARRANGEMENTET NM LAG FINALE I BRIDGE 2017 – SAMT JUBILEUMSSKRIFT

Bergen Akademiske Bridgeklubb har blitt tildelt arrangøransvaret for NM finale i lag bridge 2017 av Norsk Bridgeforbund. Klubben feirar også 50 års jubileum i 2017. Klubben ønskjer å arrangere NM lag finalen dels for å markere jubileet og dels for å auke interessa og rekrutteringa til bridgen i Bergen og omegn.

BAK er ein aktiv klubb med 99 medlemmer, 16 av disse juniormedlemer (13-25 år). Vi har jevnlig tilbod om nybyrjarkurs. Dei fleste kursa er for alle, men vi skreddarsyr også eigne kurs for ulike organisasjonar/bedrifter, for barn m.m. Kursverksemda er ikkje profittbasert. Klubben arrangerer jevnlig samlingar med fokus på barn og unge. Mange av disse turane har gått til Ulvik over ei helg. BAK dekkar kostnadane til slike arrangement. Klubben har for tida også kurs og speling om onsdagar for nybyrjarar på Høgskulen i Bergen, der deltar også barn.

På spelekveldane møtes 20-60 bridgespelarar av begge kjønn i alderen 16-80 år, med ulik bakgrunn både innan bridge og anna. Spelinga går føre seg på Studentsenteret om mandagar, så lokala er lett tilgjengeleg frå alle bydelar. Klubben arrangerar dessutan Bergen Storturnering med 150-250 deltakarar ein gang i året. Dette er landets største og kvalitetsmessig beste parturnering.

Bridge er internasjonalt og i liten grad avhengig av språkkunnskapar. Det bør derfor egne seg godt som integreringstiltak; dette semesteret har vi to nye aktive spelarar frå Aust-Europa.

Klubben må dekke kostnader med NM arrangementet sjølv, og sidan det krevst ein del personale og gode lokaler med teknisk utstyr, er dette ein ikkje ubetydeleg kostnad for klubben. Vi ynskjer å arrangere finalen på eit sentrumshotell. Det er ingen premiering frå arrangøren si side.

Om NM lag: NM lag i bridge har 6 innleiande runder med cup-spel, der det til slutt står 8 lag igjen med inntil 6 spelarar som spelar finale («7 runde».) Det blir spelt 7 kampar à 28 spel. Finalen i 2017 blir avvikla 1. – 3. juni. Offisielle turneringar har krav til turneringsleiar, som tilsvarar ein dommar i andre idrettar. Det må også vere rekneskap og helst ein person som er ansvarleg for korta som blir brukt (korta blir delt ut på førehand og er datagenerert, alle spelar dei same korta). Spelinga går føre seg i ein sal på ca 200 m<sup>2</sup>. Ein skal også ha live-oppdatering frå begge bord frå minst ein kamp på internett – slik at interesserte kan følgje med på spelinga på bridgeportalen «Bridge Base Online». Ein treng difor to «BBO-operatørar» Det er også ønskjeleg at ein person dokumenterer finalen løpande underveis med å skrive «bulletin». I tillegg må ein rekne med utgifter til webside for arrangementet.

For å få eit bra arrangement av NM lagfinale har vi budsjettert med kr 92.000, i tillegg kr. 10.000 til trykking av jubileumsskrift (sjå vedlagte budsjett). Vi håper at Hordaland Fylkeskommune ynskjer å støtte arrangementet økonomisk.

På vegne av Bergen Akademiske Bridgeklubb

Vh Helge Vaardal